



Sund kommune  
v/Ordfører Kari-Anne Landro  
Postboks 23



Vår ref.:

Dykkar ref.: 11/1724-2

Bergen 20.03.2015

### **Busstransport for elevar som tar vidaregåande opplæring i Sund**

Takk for dykkar brev som gjeld busstransport for elevar til Sotra vidaregåande skule avdeling Sund.

Vi beklagar at svaret frå oss kjemt seint, grunna sjukdom har ikkje brevet kome fram til rett person i Skyss før no.

Busstilbodet til Sotra vidaregåande skule avdeling Sund vart omtalt i artikkel i Vestnytt tysdag 3. februar 2015. I saka kjem det fram at elevane ved skulen har hatt fleire uheldige opplevingar med busstilbodet til skulen. Hendingar som er nemnd i saka er til dømes bussar som køyrer forbi når elevar står på busshaldeplassen og ventar, manglande skilting på bussane, og bussar som ikkje korresponderer. Det er eit viktig prinsipp at skulereisene skal vere trygg og føreseielege, og Skyss har stor forståing for at hendingane og konsekvensane dei gir er fortvilande for elevar, lærarar og foreldre ved skulen. Opplevingane det vart vist til i artikkelen vart straks følgd opp med bussoperatør. Både Skyss og operatør tek denne saka svært alvorleg. Førespurnadar frå våre reisande er verdifulle for oss, alle innspel vert handsama, og klagar følgd opp og tatt vidare med operatørane. Skyss arbeider kontinuerleg for å gjere busstilbodet betre, og er takksame for konkrete innspel - særskilt når noko ikkje fungerer som det skal. Vi er derfor svært lei for at elevar har opplevd å sende e-post med klage til Skyss utan å få svar.

I denne saka kan vi likevel ikkje sjå å ha motteke førespurnader frå skulen eller elevar før avisa skreiv om den. Torsdag 12. februar 2015 vart det derfor sendt eit brev frå Skyss til elevrådet ved skulen.

I brevet oppmodar vi elevrådet til å sende oss ein samla førespurnad med oversikt over alle dei konkrete hendingane. Vi håpar at elevrådet svarar på brevet slik at vi får eit meir heilskapleg oversyn over situasjonen, og vidare i samarbeid med bussoperatør kan forbetre tilbodet og så langt det lar seg gjere unngå liknande hendingar i framtida.

Med vennleg helsing

Målfrid Vik Sønstabø  
Konst. Direktør Skyss

Bjarte Årvik  
Driftssjef Skyss

Kopi til:  
Rådmann Stig Arne Thune